

A photograph of a diverse group of approximately 20 people of various ages and ethnicities standing in a row on a rocky, uneven ground. They are dressed in casual summer clothing. Behind them is a massive, rugged glacier with deep blue and white ice. The glacier is framed by two large, steep, light-colored rock walls under a bright, slightly cloudy sky.

**Handlingsplan for
busetting av flyktingar i
Stryn kommune 2017 -
2021**

Innhaldsliste:**Handlingsplan for busetting av flyktingar – og innvandrarar i Stryn kommune
2017 - 2021**

1	Innleiing/målsetting	3
2	Forord	4
3	Særskilte tiltak	5
3.1	Introduksjonsprogram	5
3.2	Kvalifisering til arbeid	6
3.3	Helse	7
3.4	Sosiale tenester	7
3.5	Bustadar	8
3.6	Frivillig arbeid	9
3.7	Vaksenopplæringa	11
3.8	Grunnskule	12
3.9	Barnehage/barnetilsyn	13
4	Rammevilkår	14
4.1	Finansiering/tilskotsordningar	15
4.2	Ressursar i flyktningtenesta	15
5	Framlegg til tiltak	16	
5.1	Tiltak	17-25
	Definisjonar	26

Vedlegg

HANDLINGSPLAN FOR BUSETTING AV FLYKTNINGAR I STRYN KOMMUNE

2017 – 2021

1. INNLEIING/MÅLSETTING

Hovedmål:

Flyktningar –(og andre innvandrarar¹) skal vere godt integrerte i kommunen med fokus på opplæring, arbeid, helse, fritid og bustad.

Difor er det viktig:

- Å sikre eit introduksjonsprogram som fører til utdanning og ordinært arbeid. Høg kvalitet på norskopplæringa med konkrete mål, praksisnær undervisning og gode språkpraksisplassar er ein føresetnad
- Å sikre gode barnehagetilbod til flyktingane raskt etter busing. Fordi effektiv integrering av barn fører til språklege og sosiale ferdigheter. I tillegg er barnehageplass ein føresetnad for at foreldra skal kome i gang med introduksjonsprogrammet
- Å sikre gode opplæringstilbod i norsk for grunnskuleelevar. Språklege og sosiale ferdigheter er avgjerande for å ha utbytte av opplæringa. Gjennom god grunnskuleopplæring vert elevane sette i stand til å fullføre vidaregåande skule – og legge grunnlag for seinare studie/arbeid
- Planlegge og legge til rette for at flyktningar skal kunne skaffe seg eigen bustad
- Å sikre eit helsetilbod som tek i vare heile mennesket både psykisk og fysisk.

Stryn kommune skal legge tilhøva til rette slik at flyktingar som vert busede i kommunen skal få eit godt liv. Kommunen har som mål å gi samordna tenester av god kvalitet, der brukaren er i fokus. Flyktingane har sjølv ei viktig rolle og medansvar ved busing, kvalifisering og integrering. Lokalsamfunnet spelar og ei viktig rolle for å sikre god integrering og inkludering.

Kommunen skal hjelpe flyktingar som ynskjer å returnere til heimlandet når dei politiske og miljømessige tilhøva gjere dette muleg.

Delmål:

- flyktingar vert kvalifisert for deltaking i arbeidslivet/vidare utdanning
- flyktingane sin kompetanse vert nytta i arbeids – og samfunnslivet
- fleire kvinner med flyktningbakgrunn kjem i arbeid

¹ Personar som kjem hit som arbeidsinnvandrarar er ikkje omfatta av denne planen.

- alle barn har gode oppvekstvilkår
- unge jenter og gutar kan ta sjølvstendige val om eige liv og framtid
- det er nulltoleranse på rasisme og diskriminering
- frivillig verksemd er open og inkluderande
- kommunen sine tenester er tilpassa ei mangfaldig befolkning

2. Forord

Personar som er forfølgde eller utsett for fare i sitt eige land, kan søkje om vern i Norge.

Regjeringa sin uttrykte politikk er å føre ein human, solidarisk og rettssikker asyl – og flyktningpolitikk. Norske reglar om vern byggjer på FN sin flyktningkonvensjon.

Mottak og busetting av flyktningar som har fått opphaldsløyve er ei kommunal oppgåve. I Stryn vert det lagd vekt på at dei ulike kommunale tenestene har same ansvar for flyktningar, som for alle andre som bur og oppheld seg i kommunen.

Flyktningtenesta har ansvar for praktiske busettingsoppgåver, gi råd og rettleiing til nykomne flyktningar og legge til rette for og syte for at introduksjonsprogrammet vert gjennomført i samsvar med lova. I tillegg har flyktningtenesta ei koordinerande rolle overfor andre tenester.

Kommunen får overført integreringstilskot frå staten i fem år for kvar flyktning kommunen buset. I tillegg får skulesektoren tilskot dei 3 første åra etter busetting til vaksenopplæring i norsk og samfunnsfag.

Tilskota skal dekke alle utgiftene kommunen har i samband med busetting, introduksjonsordning, eventuelt livsopphold, norskopplæring, skule, barnehage, helse m.m.

Aktuelle lover og forskrifter:

- [Lov om utlendingers adgang til riket og deres opphold her \(utlendingsloven\)](#)
- [Forskrift om utlendingers adgang til riket og deres opphold her \(utlendingsforskriften\)](#)
- [Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere \(introduksjonsloven\)](#)
- [Forskrifter til introduksjonsloven](#)
- [Flyktningkonvensjonen art. 1A](#)

3. SÆRSKILTE TILTAK

3.1 Introduksjonsprogram og introduksjonsstønad

Målet med introduksjonsordninga for nykomne flyktningar, er å styrke muleheitene for deltaking i yrkes – og samfunnsliv. Det skal føre til at deltakarane kjem raskare i jobb eller utdanning.

Alle kommunar som buset flyktningar etter avtale med IMDi har plikt til å tilby introduksjonsprogram i inntil 2 år for dei som er i målgruppa. Programmet kan utvidast med eitt år. Den enkelte kommune har og plikt til å legge til rette for introduksjonsprogram for alle som etter introduksjonslova §2 har rett til å delta i slikt program. Programmet skal være heilårleg og på full tid. Jf. [Rundskriv Q-20/2012](#)

Det kommunale introduksjonsprogrammet tek sikte på å gi grunnleggjande norskkunnskapar, arbeidstrening, samt innsikt i norsk samfunnsliv. Målsettinga med introduksjonsprogrammet er å bli kvalifisert til ordinært arbeid eller ordinær utdanning. Alle deltakarane får ein kontaktperson som mellom anna skal syte for at deltakaren arbeider med ein realistisk handlingsplan der målet er ordinært arbeid eller ordinær utdanning, og aktiv deltaking i samfunnslivet. Dette inneber også å "skreddarsy" eit individuelt kvalifiseringsløp for deltakarane.

Hovudmålsettinga i Stryn kommunen har heile tida vore å hjelpe flyktningane med å få grunnleggjande norskkunnskapar og å skaffe seg arbeid/utdanning, slik at dei snarast mogleg vert uavhengige av offentleg bistand. Det er viktig å fokusere på flyktningar som ein positiv ressurs, og at rask og god busetting av flyktningar skal være grunnlaget for eit aktivt liv i trygge omgjevnadar.

I fylgje Introduksjonslova §3 er det kommunen som skal administrere introduksjonsordninga. Deltakaren har rett og plikt til eit program som skal være heilårleg – og på fulltid dvs. 48 veker a 37,5t/v. Alle som deltar i Stryn kommune sitt introduksjonsprogram har fulltidsprogram. Ein viktig del av programmet er språkpraksis på ein arbeidsplass. Alle deltakarane i introduksjonsprogrammet har ikkje språkpraksis. Nokre fordi dei er nye i programmet og det er krav til eit visst nivå av norskkunnskap for å starte i språkpraksis. Det kan også vere eit problem å finne nok språkpraksisplassar.

Det er viktig å få på plass forpliktande avtaler med dei ulike tenestene i kommunen om språkpraksisplassar – og at dette er forankra i leiinga. Her har vi komne eit stykke på veg. Mange arbeidsplassar opnar dørene for flyktningane, men vi er framleis ikkje i mål.

Flyktningtenesta har eit godt samarbeid med vaksenopplæringa og NAV . Vi har faste møter (introteamet) der vi går gjennom alle deltakarane i programmet Målsettinga er å få personar inn i ulike aktivitetar/tiltak i kombinasjon med norskundervisning. Dvs. aktivitetar/tiltak som er i tråd med intensjonane i introduksjonsprogrammet. Det er også stort fokus i samarbeid

med NAV om å finne arbeid, utdanning og tiltak for deltakarane som skal avslutte introduksjonsprogrammet.

I fylgje fylkesmannen vil brot på introduksjonslova ha konsekvensar for rettstryggleiken til deltakaren. Det kan også ha samfunnsmessige konsekvensar ved at det vert forsinka overgang til utdanning og arbeid for den enkelte deltakar.

Fylkesmannen vil ha tilsyn med Stryn kommune og introduksjonsprogrammet i 2017.

3.2 Kvalifisering til arbeid

Dei fleste flyktningane som vart busette i kommunen tidlegare, fekk språkpraksis, praksisplass og etter kvart ordinært arbeid i den private arbeidsmarknaden, og kommunen hadde svært gode sysselsettingstal å vise til.

Arbeidsmarknaden i Stryn har gått gjennom store strukturelle endringar dei siste åra. Fleire større arbeidsplassar er avvikla – og det vert rekruttert mange arbeidsinnvandrarar slik at det vert vanskelegare for flyktningar å få innpass.

Dette er også noko av årsaka til at det er vanskelegare for personar med flyktningbakgrunn å få språkpraksis/praksisplass i private bedrifter. Difor er det no meir fokus på offentlege arbeidsplassar.

Kommunen har ei særleg utfordring i å skaffe nok personale til pleie- og omsorgssektoren og til reinhald i framtida. Eit aktuelt satsingsområde vil difor vere skulering og kurs for flyktningar der målet er fagkompetanse innan helsefag og reinhald. Det er også viktig å prøve å få til satsingsområde innan dei meir mannsdominerte yrka, t.d. transport.

I 2014 vart det gjennomført eit vaksenopplæringstilbod i helsefag i regi av fylkeskommunen ved Stryn vidaregåande skule. Dette tiltaket var spesielt tilrettelagt minoritetsspråklege.

Firda vidaregåande har i samarbeid med NAV eit tilsvarande opplæringstiltak for å skaffe helsefagkompetanse til minoritetsspråklege. Det er p.t. to personar med flyktningbakgrunn frå Stryn som deltek.

Helsefagarbeidarutdanning for minoritetsspråklege er ei tilrettelagt utdanning for vaksne framandspråklege etter «Gloppen-modellen». Kort forklart nyttar denne modellen fleksibilitet i fag- og timefordeling på trinn i forhold til eit normallopp for helsefagarbeidarutdanninga. Vi fokuserer på helsefaga og mykje praksis dei to første åra, med tett oppfølging i praksis og stort trykk på språkopplæring inn mot praksis og helsefaga. Fellesfag er lagt til det tredje året. Med mulegheit til godskriving av ein del praksis, som kan bidra til å korte ned læretid, gir dette ein relativt rask veg til fagprøve i tillegg til meget god integrering. Ut danninga er organisert som eit samarbeidsprosjekt mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, deltakande kommunar og NAV, med definerte roller rundt kostnadsdeling og oppfølging. Tilboden har så langt vist seg å vere særsvellukka, både med tanke på gjennomføring, integrering og resultat.

I framtida er det svært viktig å ha sterkt fokus på god kvalitet på målretta kvalifisering og tilrettelegging for å få fagkompetanse. Dette vil gi mulegheiter til fast arbeid og trygg framtid.

3.3 Helse

Det er særleg legetenesta, helsestasjonen og psykiatritenesta som kjem i kontakt med flyktningane, men også pleie – og omsorgstenesta etter kvart som dei busette vert sjuke/eldre.

På helsestasjonen syner det seg at ei viss tilrettelegging nesten alltid vil vere nødvendig, ettersom flyktningane har særlege behov utifrå spesiell forhistorie. Å gje tilbod på lik line med andre brukarar, er difor svært tids- og ressurskrevjande, ikkje minst grunna ulik kultur, språk og bruk av tolk. Helsestasjonen skal yte tenester både til dei kommunalt busette flyktningane og til innvandrarar generelt som kjem til kommunen.

Helsestasjonen driv eit omfattande førebyggjande arbeid med tuberkulosekontroll, smittevern, helseopplysningar, svangerskapskontollar, skulehelseteneste og helsestasjonsteneste for barn 0 – 5 år.

Det er og utfordringar grunna flyktningane sine traumatiske opplevingar (og eventuelle krigsskader) frå heimlandet og til dels vanskeleg livssituasjon. RVTS- Vest (Ressurssenter om vold, traumatiske stress og selvmordsforebygging) kan nyttast til rettleiing og direkte involvering i ekstra krevjande tilfelle. Nokre blir også tilvist spesialisthelsetenesta. Vi ser også at det å bruke psykisk helsearbeidarteneste i Stryn kommune har vore til god hjelp for nokre av flyktningane. Her blir eit evt. tilbod om kommunepsykolog eit viktig tiltak.

Det er utarbeidd retningsliner/prosedyrar vedrørande helseundersøking i samband med busetting/mottak av flyktningar. Informasjon, dialog og kommunikasjon er svært viktig. Særskilt gjeld dette tema med svært alvorlege konsekvensar som til dømes kjønnslemlesting, tvangsekteskap og æresrelatert vald. Dette er forbode ved lov i Norge.

Psykisk helsearbeidarteneste er involvert i aktuelle tilfelle med trøng for særskilt oppfylging.

Legetenesta og andre helsetenester er avhengig av tolk når det er nødvendig for å sikre dekkande tosidig kommunikasjon og at informasjon m.m. vert forstått. I tillegg kan det være utfordringar knytt til å avstemme forventningar, forståing for systemet med timeavtalar og krav til presist oppmøte.

Busetting av flyktningar stiller særskilde krav til hjelpeapparatet.

Dersom kommunen buset personar med alvorlege, kjente funksjonshemminger og /eller åtferdsvanskar, yter staten etter søknad, tilskot til ekstraordinære kommunale utgifter. Ein slik søknad er arbeidskrevjande med mykje dokumentasjon.

3.4 Sosiale tenester

Barnevern

Det er viktig å formidle kontakt med barnevernet ved behov. Barnevernet gjev informasjon og rettleiing og set inn tiltak når det er trøng.

NAV

Flyktingtenesta har eit tett samarbeid med NAV, vi er samlokaliserte og det gir kort avstand når vi i fellesskap skal finne løysingar på ulike utfordringar. NAV deltek også på møter i introteam.

Det er Nav som handsamar søker om sosialhjelp og søker om tilskot til etablering. Flyktingtenesta står for innkjøp og praktisk gjennomføring. Det er utarbeidd rutinar og retningslinjer ved busetting og etablering av flyktninger.

Sjå vedlegg 1

3.5 Bustadar

Å bu trygt og godt er ein føresetnad for eit verdig liv og gir grunnlag for integrering og deltaking i samfunnslivet. Flyktningar og innvandrarar møter utfordringar på bustadmarknaden som er til dels spesifikke for denne gruppa.

Stryn kommune har bygd/ kjøpt fleire bustadar til bruk for flyktningar i startfasen. Pr. i dag er 45 kommunale sosialbustadar disponibele hovudsakleg for denne gruppa.

Oversikt over dei viktigaste flyktingbustadane pr. 15.01.2017

Husvære	Tal	Årstal for bygging	Eige / Framleige
Geilevegen	1 leilegheiter	1970 –talet	Kommunalt kjøp i 1987
Gløshammaren	8 leilegheiter	1992	Bygd som kommunale flyktingbustader
Arnljotbakken BL	2 leilegheiter	1996	Kommunal eige
Gjennomgangsbustad i Innvik	4 leilegheiter	2001	Kommunal flyktingbustad oppført 2001
Tonning Eigedom	10 leilegheiter 2 hybler	1993	Kommunalt kjøp/renovert våren 2001 . Trong for utbetring.
Vikalida 21	2 leilegheiter	1970-talet	Kommunalt kjøp 1985, omdisponert til flyktningar ca 1996
Tonningsbakkane 37	2 leilegheit	1970-talet	Kommunal eige
Vestberg Kipervegen 17	1 leilegheit (skal etter planen rivast og byggast nye)	1960-talet	Kommunal eige, därleg standard
Bjørkevegen 52	3 leilegheiter	Bygd 1971 med tilbygg 1997	Kommunalt kjøp til flyktingbustad 2012

Kipervegen 38C	1 leilegheit	1990-talet	Kommunal eige
Kipevegen 9C	1 leilegheit	1970-talet	Kommunal eige
Perhusvegen 1	2 hyblar	Ombygd 2013	Kommunal kjøp 2013
Prestestegen 12 A, B	2 leilegheiter	1990-talet	Kommunal eige
Tonningshaugen 11, 13	2 bufellesskap	1987	Kommunal eige
Prestebustaden Tonningshaugen 24	Stor einebustad		Opplysningsvesenets fond, framleige
Visnesvegen 4 B	1 leilegheit		Privat eige, Framleige

I tillegg til kommunalt eigde bustader , inngår kommunen tidvis framleigeavtaler for flyktingar. Fleire har sjølv inngått leigekontraktar på den private leigemarknaden, eller har kjøpt/bygd bustad sjølv. Det vert lagd vekt på at flyktingar som hovudregel inngår direkte leigeavtale med huseigar.

Mange av flyktingane som blir tildelt kommunale bustadar blir buande over lang tid. Nokre har store vanskar med å skaffe seg bustad på den private marknaden. Det er og ei viss intern flytting mellom dei kommunale bustadane, fordi behov stadig endrar seg. (Dette grunna familiegjenforening, samlivsbrot, arbeid m.m.

Det er viktig med jamleg vedlikehald fordi slitasjen vert stor med stadig skifte av leigetakrarar.

Det er fleire av dei kommunale flyktingbustadane som treng oppussing/oppgradering, m.a. brannanlegg og ventilasjonsanlegg ved Tonning egedom.

Kipervegen 17 har svært dårlig standard. Det er trong for endra reguleringsplan dersom kommunen skal sanere huset og nytte tomta til 4 små bueiningar for flyktingar som planlagd (jfr. fylkesmannen sitt avslag på dispensasjon).

Det er også trong for tiltak med sikte på å stimulere flyktingar til å kjøpe/overta rimelege gjennomgangsbustadar frå kommunen, eller på anna måte sikre tilgang til kjøp av bustadar til overkommeleg pris.

Det er trong for sterkare satsing på burettleiing og oppfølging av bustadene med sikte på etablering av god bukompetanse som er ein særskilt del av integreringsarbeidet. Alle nyankomne skal gjennom eit kurs i «å bu i norske hus.» I tillegg er det trong for husbesøk/tilsyn rett etter etablering og vidare ved behov.

Vedlegg 2, kurs: Samandrag Å bu i norske hus

3.6 Frivillig arbeid

Flyktingtenesta har eit tett samarbeid med Frivillegentralen. Det er mellom anna danna Internasjonalt Forum som er eit samarbeidsforum i arbeidet med integrering av flyktingar/innvandrarar. Rektor og tillitsvalde for deltakarar ved vaksenopplæringa,

frivilligentralen, frivillige organisasjonar og flyktningtenesta er med i Internasjonalt forum. Internasjonalt forum blei danna i 1999 og har som mål at alle med innvandrarbakgrunn som kjem til kommunen skal få hjelp til å bli innlemma i lokalsamfunnet spesielt og i det norske samfunnet generelt ved å:

- Skape eit felles forum for offentlege og frivillige aktørar på dette området.
- Samordne og utnytte felles initiativ.
- Samordne og utnytte faglege og økonomiske ressursar

Kvinnegruppe

For ein del av flyktningane og innvandrarane; særleg kvinner med lite utdanning og store omsorgsoppgåver, har det vore vanskeleg å kvalifisere seg til ordinært arbeid og å delta aktivt i samfunnslivet. Dette var grunnlaget for at det i 1999 vert etablert nettverksgruppe for kvinner i samarbeid med frivillegentralen. Tiltaket er basert på frivilleheit og er forankra i lokalmiljøet. Frivillige kvinner er med i dette tiltaket saman kvinner med innvandrarbakgrunn frå ulike nasjonalitetar. Deltakarane går gjennom eit informasjonsprogram t.d.: helse, skule, offentlege og private tenester, frivilleige organisasjonar m.m. Tema er praktiske, teoretiske, kulturelle og religiøse. Tiltaket er ein del av introduksjonsprogrammet for dei som er i målgruppa, og for desse er kvinnegruppa obligatorisk. Det er leiar for frivilligentralen som er koordinator.

Kinnegruppa må vere fleksibel ikkje statisk, og møte dei endringane som skjer i gruppa og samfunnet elles.

Dagsorden vert sett ut frå behov i gruppa. I 2017 – 2021 vert fokus fysisk aktivitet og psykisk helse. Frivilligentralen vil samarbeide spesielt om dette, og skape sjølvhjelpsgrupper for å på den måten møte dei psykiske utfordringane flyktningane har.

Mannsgruppe

I 2016 vart det danna mannsgruppe etter same modell som kvinnegruppa. Det er flyktningtenesta som driftar og organiserer mannsgruppa og det har gått greitt å rekruttere frivillige menn til gruppa. Det er mange ressurspersonar som deltek på frivillig basis, men det er ønske om fleire frivillige. Her deler ein viktig kunnskap og ulike samfunnstema blir tatt opp. I tillegg er det bedriftsbesøk, besøk av politi og andre instansar .

Mannsgruppa skal være fleksibel og aktivitetane må tilpassast endringar i gruppa.

Språkkafe

I samarbeid med Stryn Røde Kors, Redd Barna, Frivilligentralen og Stryn kommune (biblioteket) og flyktningtenesta vart det og etablert språkkafe i 2016. Målet med språkkafe er å inkludere flest muleg i lokalmiljøet, og det er meint å være eit tilbod til alle nasjonalitetar.I tillegg til språkopplæring er ein her for vennskap og gode samtalar. Språkkafe har vore ein suksess for integrering og språkutvikling. Det er sosialt og alle som deltek har fått lære om mangfaldet i kommunen vår.

Språkkafeen er på biblioteket og det er samling kvar 14 dag. Dette er eit tiltak som mange flyktningar og andre innvandrarar nyttar seg av, men vi treng fleire frivillige norskspråklege deltakarar.

Aktivitetar for ungdom

I starten på 2017 er det busett 26 ungdommar i alderen 16 til 24 år. Her er det gjort eit kartleggingsarbeid i høve til fritid og fritidsaktivitetar. Mange er einsame og det er viktig å stimulere og legge til rette slik at dei kan delta på ulike fritidsaktivitetar. Her bør ein prøve å få til meir samarbeid med ulike lag og organisasjonar i kommunen.

3.7 Vaksenopplæringa

Føresetnaden for at flyktningar skal tilpasse seg livet i Norge er at dei oppnår språkkunnskapar slik at dei kan fungere tilfredstilande i arbeidslivet og samfunnslivet. Rammeverket for opplæring av vaksne flyktningar er introduksjonslova, læreplan i norsk og samfunnsfag for vaksne innvandrarar og opplæringslova.

Skule og kulturetaten organiserer norskundervisning for minoritetsspråklege som deltek i introduksjonsprogram for dei som kommunen har busett. I tillegg til personar med flyktningbakgrunn utgjer arbeidsinnvandrarar og innvandrarar som er familiegjenforente med norske borgarar, den største gruppa. Norskundervisning, yrkesretta opplæring, dataopplæring og samfunnuskunnskap er svært viktige element i deltakarane sitt introduksjonsprogram.

Flyktningane i kommunen kjem raskt i gang med norskopplæringa etter busetting i kommunen. Vaksenopplæringssenteret har ansvar for kartlegging og individuell tilrettelegging av opplæringa og å utarbeide ein opplæringsplan.

Rett og plikt gjeld norsk og samfunnsfag for vaksne flyktningar som kommunen har busett via Imdi:

- Rett til opplæring betyr at opplæringa er gratis
- Plikt til å gjennomføre norskopplæringa betyr at ein må ha 600 timer opplæring og gjennomført obligatoriske prøvar for å få busettingsløyve (permanent opphaldsløyve)

Målsetjing for norskundervisning er å gje deltakarane betre utrustning når det gjeld norskunnskapar, kunnskapar om arbeidslivet og det norske samfunnet.

Opplæringstilbod

Dei fleste flyktningane på Stryn VO får tilbod om norsk med samfunnuskunnskap på dagtid. Dei får 22 norsktimar, 2 timer samfunnuskunnskap og 2 timer fysisk aktivitet/symjing i veka. Frå august 2016 vart det oppretta to nye undervisningsgrupper på Stryn vidaregåande skule for ungdom mellom 16 og 24 år med kort butid i Norge.

Gruppe 1 er eit kommunalt tiltak der deltakarane får eit basisår med grunnleggande norsk/samfunnsfag og innslag av grunnskulefag. Dei har 20 timer undervisning med lærar og i tillegg til dette er det tilsett ein assistent i 50% stilling som skal hjelpe elevane utover undervisningstida med leksehjelp, studietid, integrering osv. Denne gruppa er på ein måte ei førebuing til den neste gruppa på vidaregåande, som er Gruppe 2.

Denne gruppa er eit samarbeid mellom fylkeskommunen og Stryn kommune. Elevane tek eksamensretta grunnskulefag (EGF) og får ta grunnskuleeksamen til våren eller brukar året til å få eit betre grunnlag før dei startar på vidaregåande. Dei har 28 timer undervisning i veka og i tillegg til dette har ein ei 20% assistentstilling som vert nytta utover undervisningstida.

Målsettinga med desse tiltaket er å bidra til at så mange som muleg får fullført vidaregåande utdanning, og at dei får undervisning i eit miljø som er tilrettelagt for denne aldersgruppa.

I tillegg til desse tilboda har vi frå 2008 hatt eit grunnskuletilbod med ulikt omfang for vaksne. Vi har hatt tilbod om 5 grunnskulefag over ulike tidsperspektiv. Her må vi ha ei målsetjing om å bli betre og gi deltakarane eit betre tilbod både når det gjeld antal timer i veka og over eit lengre tidsperspektiv. Målet må vere å gi dei 28 timer i veka over 1-2 år for at det skal bli eit godt grunnlag til vidare utdanning. Dette vert spørsmål om politisk prioritering.

Obligatoriske prøver

Stortinget har vedtatt å innføre obligatoriske avsluttande prøver i norsk og samfunnskunnskap. Dette omfattar rett og plikt for personar som har fått vedtak om opphaldsløyve etter 1. september 2013. Det er bustadkommunen som har ansvar for å gi tilbod om opplæring og å gjennomføre prøvene. Prøvene er digitale, norskprøva blir gjennomført to gonger i året medan samfunnskunnskapsprøva kan ein arrangere når ein har behov.

Det er også kome krav om at alle som skal søkje om statsborgarskap etter 1. januar 2017, må ha norskprøve på eit A2 nivå munnleg og må ha teke ei ny prøve som blir kalla Statsborgarprøva. Og frå 17. desember 2016 må dei som søker om permanent opphold ha norskprøve på A1 nivå munnleg og ha samfunnskunnskapsprøve på eit valfritt språk.

3.8 Grunnskule

Barn av flyktningar/innvandrarar har rett til grunnskuleundervisning, og denne undervisninga vert sett i verk så fort det praktisk let seg gjere etter at dei er busett i kommunen.

Dei siste åra har det vore mellom 40 og 60 elevar (rundt 5 % av samla elevtal) med minoritetsspråkleg bakgrunn ved skulane i kommunen. Ved Tonning skule der konsentrasjonen av elevar er størst, har ein vore opp i 15 % av elevane med framandspråkleg bakgrunn.

Desse elevane representerer også mellom 15 og 25 forskjellige språk.

Gruppa med born til arbeidsinnvandrarar har auke sterkt dei siste 3 – 4 åra.

Utfordringar:

- Gje dei minoritetsspråklege elevane ei god og rask opplæring i norsk språk som gjer dei skikka til å følgje opp andre fag og kunne sosialisere seg i både skulefellesskapet og lokalmiljøet. Det er viktig å gje elevane eit godt grunnlag, både gjennom undervisning og rådgjeving, for vidareutdanning og yrkesopplæring.
- Gje elevane oppfølging på eige morsmål (under dette også språkleg oppfølging i andre fag)

- Setje av nok ressursar til å følgje opp elevane.
- Integrering av minoritetsspråklege elevar i samla undervisning.
Ein del elevar sökjer fritak frå ordinære undervisningsfag av religiøse eller kulturelle grunnar. Målet må vere å få flest muleg av elevane med på alle aktivitetar, og ha gode, klare reglar for handtering av fritak
- SFO-tilbodet vil vere eit godt integreringstiltak for framandspråklege elevar. Det er viktig for skulane å informere om dette tilbodet, og legge til rette for aktivitetar også spesielt mynta på denne elevgruppa. Dette særskilt fordi tilbodet har vore lite prioritert av flyktningar.
- Informasjon til heimane og samarbeid med heimane er sentralt for å skape kontakt og forståing for norsk skule. Det er viktig at ein gjer seg nytte av tolketeneste tidleg i dette arbeidet for å sikre forståing og førebyggje kommunikasjonsproblem

3.9 Barnehage/ barnetilsyn

Erfaring syner at barnehage er ein god stad for å kunne utvikle både språk og sosial og kulturell kompetanse. Det er difor viktig å motivere foreldre med flyktningbakgrunn til å nytte det barnehagetilbodet som er i kommunen til barna sine. I rundskriv Q-4/04 frå departementet står det : "Barnehagen er den viktigaste integrerings – og språkopplæringsarenaen for barn i førskulealder".

Også foreldra får raskare innføring i viktige sider ved det norske samfunnet gjennom foreldresamtaler og foreldremøter, og ved å møte foreldre til etnisk norske barn. Samtidig vil det gje eit større mangfold i barnehagane våre, og dette kan bli ein ressurs for alle partar om vi klarer å løyse oppgåvene på ein god måte.

Føresetnaden for at foreldra kan delta i introduksjonsprogrammet er at dei kan få tilbod om eit forsvarleg barnetilsyn. Norskopplæring for foreldre er særskilt viktig når det gjeld foreldrerolla deira i det norske samfunnet og borna sine behov. Difor har kommunen gjennom vedtekten for barnehagar gjeve fortrinnsrett ved opptak for born av foreldre som er med i introduksjonsprogrammet.

Når foreldre, som blir busette i kommunen til ulike tider gjennom heile året, skal delta i introduksjonsprogram, må nokon ta seg av førskulebarna deira. Kommunen har full barnehagedekking etter lova, men det kan by på utfordringar å få dette på plass til tider som høver foreldra, og det er særskilt viktig for dei foreldra som skal delta i introduksjonsprogram. Etter lova skal dei starte i program seinast 3 månadar etter busetting i kommunen. Difor kan det være naudsynt med andre tilsynsordningar i ein overgangsfase.

Den inntekta som foreldra får gjennom introduksjonsstønaden kan være for låg til å betale barnehageplass. Dette gjeld særskilt einslege forsytarar og forsytarar som er under 25 år.

Rundskriv H-20/05 Lov om introduksjonsordning står det: "Tilbud om individuell rett til barnetilsyn er ikke regulert i loven. Det er kommunen selv som er best egnet til å vurdere behovet og legge til rette for barnehagetilbud for nyankomne innvandrere som deltar i introduksjonsprogram. Personer med rett og plikt til introduksjonsordning bør være en prioritert gruppe både for å få barnehageplass til sine barn og for å ha muligheter til redusert foreldrebetaling. Disse representerer en stor gruppe innvandrere som staten og kommunen

har et særskilt integreringsansvar for. Dersom intensjonen med loven skal nås, forutsetter dette at kommunen sikrer barnehageplass til barna i disse familiene”.

Staten har økonomiske tiltak for å styrke barnehagetilbodet spesielt for nyankomne innvandrare. Kunnskapsdepartementet gir tilskot til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskulealder. Målretta språkstimuleringstiltak i førskulealder vil kunne bidra til bedre skulestart for barn som ikkje har norsk som morsmål, og på sikt auke barn si deltaking på alle samfunnsarenaer. I tillegg gir Kunnskapsdepartementet eit eige: ”Tilskot til barnehagetilbud for nyankomne flyktningers barn”. Tildelingskriteria for dette tilskotet er så ”smale” at Stryn kommune ikkje har motteke slik form for tilskot.

Ved søknad om integreringstilskot får kommunen eit eingongstilskot til barn i barnehagealder .

Innvik og Utvik har felles barnehage i Utvik. For flyktningar med barnehagebarn som bur i Innvik skapar dette utfordringar. (Utfordringane ville være dei same for eventuelle flyktningar busette i Utvik om barnehagen var i Innvik). Sidan foreldra har rett og plikt til å delta i kommunen sitt introduksjonsprogram må dei reise til Stryn. Programmet er på fulltid og dei har ingen mulegheiter til å levere barna sine i barnehagen i Utvik. Foreldra blir då avhengige av andre som kan bringe og hente barna frå Innvik til Utvik, eventuelt nytte drosje. Barna vil uansett ordning være utan omsorgspersonar når dei vert bringa og henta, og for dei minste barna er ikkje dette nokon god ordning.

4 Rammevilkår

Flyktningtenesta i kommunen omfattar busetting, etablering og organisering/tilrettelegging av introduksjonsprogram for flyktningar. Busettingsomfanget, med unnatak av familiegjenforeningar, vert styrt av kommunestyrevedtak.

Oppmoding om busetting kjem frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (Imdi) som ber kommunen busette eit visst tal flyktningar kvart år.

Rådmannen er leiar av det tverretatlege koordineringsutvalet for kommunal busetting av flyktning der fylgjande er med : rådmann, helse- og sosialsjef, ein representant frå skule- og kulturkontoret, ein representant frå helsestasjonen, avdelingsleiar for bygg og eigedom, ein representant frå NAV. Flyktningkonsulenten er sekretær for utvalet. Koordineringsutvalet er ein viktig koordinerande instans, og nemnda har møte ved behov.

Flyktningtenesta i Stryn har rolle som koordinator og rettleiar, som skal vise flyktningane fram til dei rette instansane. Det er stor medvit om at flyktningtenesta ikkje skal overta ulike faginstansar sine oppgåver.

Det er utarbeid skriftleg samarbeidsavtale mellom NAV, Stryn og flyktningtenesta i kommunen. Avtalen skal sikre ansvarsdeling, informasjonsflyt og gode samarbeidsrutinar. Særskilt gjeld dette ansvar og plikter i forhold til introduksjonslova.

4.1 Finansiering/ tilskotsordningar

IMDI, Integrerings – og mangfaldsdirektoratet forvaltar ei rekke tilskotsordningar. Tilskotet blir utbetalt over ein femårsperiode. Tilskotet skal mellom anna dekke kommunen sine utgifter til etablering, introduksjonsordninga, sosialhjelp, tolketenester, undervisning, flyktningkontorenester, sysselsetjingstiltak, yrkeskvalifisering, arbeidstrening, kultur og ungdomstiltak , ulike støttetiltak og utgifter til bustadar og bustadsadministrasjonsom ikkje vert dekka av husleigeinntekter.

Det har vore stor busetting av flyktningar dei siste åra. I 2015 busette Stryn kommune 36 personar og i 2016, 58 personar (inklusiv 14 familiegjenforente og 4 som forskot på kvoten for 2017).

Flyktningane må ha tett oppfylging for å bli kvalifisert til arbeidsliv og vidare utdanning. Dette gjeld særleg dei første åra. Dette krev mykje ressursar både til kartlegging og individuell tilrettelegging / oppfølging for at utgangspunktet for å få ordinært arbeid skal vere best mogleg.

Ansvaret er delt mellom flyktningtenesta og vaksenopplæringa der flyktningtenesta administrerer introduksjonsprogrammet med kartlegging, vedtak, evt. fråværsregistrering, utbetaling av stønad, avtaler om språkpraksis og oppfølging under arbeidstrening. Dei organiserer også i stor grad tilbodet under ferie- og friperiodar i skulen, jfr. krav til fulltids- og heilårleg program på linje med arbeidslivet. Heile 70 personar deltok i introduksjonsprogrammet kortare eller lengre tid i løpet av 2016. Ressursane for oppfølging av introduksjonsprogrammet er for knapp.

Stryn kommune mottok i 2016 heile 29,5 mill. kr. i integreringstilskot til dekking av tilbodet til dei som er busette, medan bokførte utgifter 55 % av dette. Sjå vedlegg 3 for tilskot og forbruk i 2016

Overskotet går til saldering av kommunebudsjettet. Det er ikkje bygt opp fond (buffer) for å dekke uventa og framtidige behov.

Etter omlegging av tilskotet til undervisning i norsk og samfunnsfag dekkjer ikkje tilskotet dei reelle utgiftene og favorisera store kommunar med stor busetting og store undervisningsgrupper. KS jobbar aktivt for endring av regelverket.

Sjå vedlegg 4 for tilskotssatsar i 2017.

4.2. Ressursar i flyktningtenesta

Flyktningtenesta har følgjande omfang pr april 2017:

Budsjett:

B 2017	Flyktn.admin.	Introduksjons-Stønad	Introduksjons-Ordninga	Sum
	3010/24290	3010/27330	3010 / 27500	
Utgifter	1 788 200	6 355 000	1 448 900	9 592 100

Stillingar:

Stillingar	Flyktningadmin.	Introduksjonsordninga
Avd.leiar for flyktningtenesta	80 % st	
Rådgjevar	50 %	30 %
Rådgjevar		80 %
Assistent		70 %
Engasjement ut år 2017	60	
Sum		3,7 årsverk

Ressursen er knapp for å takle all tilrettelegging og oppfølging. Vellukka integreringsarbeid som fører til sjølvstende, stiller krav til grundig innsats dei første åra etter busetting.

Det er som minimum vurdert å vere trøng for avdelingsleiar i 100 % st. + burettleiar i 60 % st. Dvs. omgjering av engasjementstillinga til fast stilling og ei samla fast auke på 0,8 årsverk.

Med busetting av 25 personar som vedteke for 2017, ligg et an til minimum 2 mill kr. meir i integreringstilskot i 2017 enn budsjettet.

5 FRAMLEGG TIL TILTAK

5.1 *Tiltak*

Aktivitetar med mål om sjølvstende og reell likestilling for flyktningar i det norske samfunnet.

Stryn kommune vil ta sin naturlege del av dei humanitære og internasjonale pliktene som Norge har teke på seg. Kommunen vil drive arbeidet i samsvar med nasjonale målsettingar og regelverk. Stryn skal være ein trygg og god kommune å bu i - også for flyktningar og innvandrarar. Kommunen vil arbeide for reell likestilling og for sjølvstende. Vi vil også førebygge og motarbeide rasisme og diskriminering. Vi ser på flyktningen som ein positiv ressurs for fellesskapet. Frivillig tilbakevending til heimlandet skal være eit naturleg delmål i det kommunale flyktningarbeidet.

Målet blir i praksis å hjelpe flyktningane, slik at dei skal kunne leve eit sjølvstendig liv, og bli isticke til å forsyte seg sjølv. Tilfredstillande arbeid som gjer det mogleg å forsyte seg sjølv og familien, er avgjerande for at flyktningar vert buande i kommunen. Det er også viktig å legge til rette slik at flyktningar kan byggje/kjøpe eigen bustad.

Flyktningane skal kunne ta vare på eigen kultur og identitet, men må fylgje lover og reglar i det norske samfunnet.

Busetting av flyktningar og innvandrarar er ei varig kommunal oppgåve. Kvar faget har ansvar for at flyktningar og innvandrarar får eit like godt tenestetilbod som andre innbyggjarar. Det statlege integreringstilskotet skal kompensere for eventuelle ekstra kostnadane. Dei statlege midlane bør nyttast i eit målretta integreringsarbeid med sikte på at

flyktingane vert raskast mogleg sjølvstendige. Flyktingarbeidet vert koordinert av flyktingtenesta. Koordineringsutvalet der alle aktuelle etatar og NAV er representert, har møte ved behov.

Denne handlingsplanen med mål og tiltak gjev ramma for ein supplerande tiltaksplan på detaljnivå. Det er opp til administrasjonen å utarbeide tiltaksplan på detaljnivå.

Det vil vere detaljplanen som vert den daglege arbeidsreiskapen

		<i>Hovud-ansvar:</i>	<i>Tid:</i>
1. Mål- Setting	1.2 Mål <ul style="list-style-type: none">- <i>Stryn kommune vil kvart år i planperioden frå 2017-2021 busette eit definert tal flyktingar + familiegjenforente. Dette etter avtale med Integrerings – og mangfaldsdirektoratet</i>- <i>Eventuell tilflytting frå andre kommunar kjem i tillegg.</i> <p><i>Grunngjeving:</i></p> <ul style="list-style-type: none">- <i>Jamleg busetting sikrar communal kompetanse i arbeid med flyktingar og eit apparat som kan takele utfordringar i samband med integrering og busetting.</i>	Flyktingtenesta	Løpende

2.	Busettingsarbeid		
Tiltak:	<p>- <i>Flyktingtenesta er mottaksansvarleg for flyktingar som kommunen buset.</i></p> <p>- <i>Tenesta har ansvar for informasjon og rettleiing til flyktingane om rammevilkår, krav og forventningar</i></p> <p>- <i>Tenesta skal syte for at formalitetar er på plass i høve politi, folkeregister m.m.</i></p> <p>- <i>Tenesta skal syte for å informere, koordinere , gjere avtaler og tinge tenester hos andre etatar i busettingsfasen</i></p> <p>- <i>Tenesta skal syte for koordinering mellom tenestene ved behov</i></p> <p>Grunngjeving :</p> <ul style="list-style-type: none"> - Jo raskare aktuelle tenestene og instansar er gjort kjend med flyktingane, jo raskare kan kvardagen starte - Formalitetar er viktig å få på plass så snart som råd. 	Flyktingtenesta	Løpande

	3.	Helse		
Tiltak:		<ul style="list-style-type: none"> - Alle nye flyktningar får hjelp til val av fastlege - Flyktingtenesta deltek i ansvarsgruppe ved behov - Etablere rask kontakt med helsestasjonen etter tilflytting - Etablere særskilde tilbod om helseundersøking / oppfylging i samband med smittevern, infeksjonssjukdomar, mangelsjukdomar m.m. - Psykiatrisk helsehjelp ved behov - Helsetenesta syter for at flyktningar/innvandralar får same tilbod som norske - Søke om tilskot til flyktningar med særskilte helseutfordringar - Alltid bruk av tolketeneste ved behov <p><i>Grunngjeving:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - sikre rask undersøking, kartlegging og eventuelt behandling og naudsynt kontakt med helsetenester i kommunen <ul style="list-style-type: none"> - sikre naudsynt vaksinasjon / smittevern - sikre informasjon - sikre ekstra ressursar til kommunen slik at ein kan sette inn ekstra tiltak ved behov 	Flyktingtenesta	Løpande
			Helsetenesta	Løpande

4.	4.1 Bustad		
Tiltak:	<ul style="list-style-type: none"> - Tilstrekkeleg tilgang på bustader - Det vert sikra stillingsressurs som burettleiar - <i>Tildele tenleg bustad ved tilflytting</i> - <i>Fast informasjonsopplegg ved tilflytting om korleis bruke bustaden</i> - <i>Kommunale utleigebustader har ei avtalefesta leigetid på maks 3 år med høve til avvik i særskilde høve</i> - <i>Framleigebustader vert nytta unntaksvis, særleg for å takle toppar i omfanget på bussetting</i> - - <i>Etablere systematisk og periodisk tilsyn og ettersyn i alle kommunale utleigebustader</i> - <i>Det er utarbeidd husreglar som er tilgjengelege i alle utleigebustader</i> - <i>Stimulere til bygging og kjøp av eigne bustadar, eventuelt kjøp av kommunale bustadar</i> - <i>Oppussing av bustadar etter kvart som behovet oppstår</i> - <i>Årlig teknisk ettersyn av bustadane</i> - <i>Tiltak for bygging av rimelege gjennomgangsbustadar for vidare sal til flyktingane</i> 	Kommunestyret	
		Flyktingtenesta	Løpende
		Evt. burettleiar	
		Helse- og sosialetaten	
		Avd. for bygg og vedlikehald	
Grunngjeving:			
<ul style="list-style-type: none"> - <i>Kommunen må ha ledige bustadar i samband med bussetting av nye flyktningar.</i> - <i>Viktig å førebyggje uheldig bruk og rette feil og manglar etter kvart slik at husa ikkje forfell.</i> - <i>God bukompetanse er ein viktig del av integreringa og naudsynt for sjølvstende</i> 			

<p>5.</p> <p>Introduksjonsprogram</p> <p>Tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Sikre forpliktande og aktivt samarbeid mellom flyktningtenesta, NAV, vaksenopplæringa og frivilligcentralen</i> - <i>Det vert føreteke kartlegging og utarbeidd individuelle kvalifiseringsplanar/handlingsplanar for alle flyktningar mellom 18 og 55 år som blir busette i kommunen. Dette med utgangspunkt i den einskilde sin tidlegare skulegang og yrkespraksis</i> - <i>Det vert fatta individuelle vedtak om full tids introduksjonsprogram seinast tre månadar etter busetting.</i> - <i>Flyktningtenesta er ansvarleg for utbetaling av rett introduksjonstilskot</i> - <i>Det vert gjeve grundig opplæring i norsk og samfunnskunnskap.</i> - <i>Det vert skaffa tilstrekkeleg med språkpraksisplassar</i> - <i>Norskopplæring vert kombinerast med språkpraksisplassar/praksisplassar så snart som dette er naturleg og praktisk råd.</i> - <i>Bruk av NIR (nasjonalt introduksjonsregister) og elektronisk flyktningprogram for felles oversikt/rasjonelt arbeid mellom tenestene</i> - <i>Samarbeid med aktuelle arbeidsplassar</i> - <i>Forpliktande avtaler med kommunale avdelingar om faste tiltakslasser til ei kvar tid.</i> - <i>Legge til rette for kvalifisering til fast arbeid i kommunen for flyktningar</i> - <i>Organisere sommartiltak / arbeidstilbod som grønt-prosjektet, reinhald- og omsorgsoppgåver m.m. for å sikre heilårleg program</i> <p>Grunngjeving:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Nært samarbeid er avgjerande for godt resultat</i> - <i>Grundig opplæring i norsk og samfunnsfag er avgjerande for kvalifisering til ordinært arbeid/utdanning</i> - <i>Læring av språk og arbeidslivet sine reglar gjennom arbeidstrening gjev gode resultat</i> - <i>Tilpassing til individuelle behov gjev best</i> 	<p>Flyktningtenesta, vaksenopplæringa og NAV</p> <p>Flyktningtenesta</p> <p>Vaksenopplæringa</p> <p>Flyktningtenesta</p> <p>Flyktningtenesta vaksenopplæringa</p> <p>Flyktningtenesta m.fl.</p>	<p>Løpende</p>
---	---	----------------

	<p><i>utgangspunkt for å lukkast</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Sikre at dei som vert busett får mulegheiter til å delta i samfunnslivet og å motverke framtidig isolasjon og passivitet.</i> 		
6.	<p>Undervisning</p> <p><i>Vaksne:</i></p> <p>Tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Legge til rette opplæring for flyktningar og innvandrar i samsvar med lover og regelverk</i> - <i>Legge meir vekt på yrkesretta norsk i undervisninga, bedriftsbesøk- bli kjent med det norske arbeidslivet</i> - <i>Målretta norskopplæring slik at språk etter 2 år, ikkje skal vere vesentleg hinder for deltaking i arbeidsliv og lokalsamfunn</i> - - <i>Samarbeid om innføringstilbod på Stryn vidaregåande skule.</i> - <i>Sikre eit stabilt grunnskuletilbod for vaksne som går over 1-2år</i> <p><i>Born:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Gje forsterka opplæring i norsk til minoritetsspråklege born dei første åra.</i> - <i>Tilrettelegge og motivere foreldra til å la borna delta på SFO fordi det er ein viktig arena for integrering, språkleg og sosial utvikling</i> 	<p>Skule- og kulturretaten Vaksenopplæringa</p> <p>Fylkeskommunen Stryn v.g.s.</p> <p>Skule- og kulturretaten</p>	<p>Løpande</p> <p>Løpande</p>

	<p>Målsetting:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Etter at introduksjonsprogrammert er ferdig skal deltagaren være i arbeid eller utdanning. <ul style="list-style-type: none"> - Gjennom god innføring på grunnskulenivå skal elevane kunne fullføre vidaregåande skule og legge grunnlag for studiar/arbeid 		
7. Tiltak	<p>Barnehage</p> <ul style="list-style-type: none"> - Motivere foreldre med innvandrarbakgrunn til å nyte barnehagertilbodet i kommunen. - Motivere foreldre til aktivt å delta i foreldresamtalar/møter/aktivitetar knytt til barnehagen - Legge til rette for alternativt barnetilsyn for deltagarar i introduksjonsprogrammet når det ikkje er tilgang på barnehageplass <p>Grunngjeving:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Barnehagen er ein viktig arena for integrering og utvikling av språk, kulturell og sosial kompetanse - Foreldre får raskare innføring i ulike sider ved det norske samfunnet - Sikre at foreldra kan starte i program seinast 3 mnd. etter busetting - Manglande barnehageplass/tilsyn forsinkar kvalifiseringsprosessen. Dette rammer særskilt kvinner. 	Flyktningtenesta Barnehagane Flyktningtenesta	Løpande
8. Tiltak	<p>Arbeid</p> <ul style="list-style-type: none"> - Aktivt samarbeid for å skaffe arbeid, evt. tiltakslassar i etterkant av avslutta introduksjonsprogram - Kommunale arbeidsplassar er opne for å tilsette minoritetsspråklege - Kommunale arbeidsplassar stiller seg positive til tiltakslassar og opplæringsprogram for minoritetsspråklege - Kommunen bidrar til etablering av kompetansetiltak for vaksne minoritetsspråklege på fagområde der komme og næringsliv har trong for rekruttering 	Flyktningtenesta NAV Kommunale tenester Kommunestyret Næringsliv	Løpande

	Grunngjeving <ul style="list-style-type: none"> - Arbeid er avgjerande for sjølvstende i det norske samfunnet - Kommune og næringsliv har rekrutteringsbehov på ei rekke område - Flyktingar representerer ei arbeidskraftreserve som lokalsamfunnet har bruk for 		
9.	<p>Tolketeneste</p> <p>Tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Dei kommunale tenestene skal tinge og nyte tolketeneste ved behov</i> - <i>Kommunen skal nyte autorisert tolketeneste ved Telefontolking, evt videotolking.</i> <p>Grunngjeving:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Unngå mistydingar som kan føre til feiloppfatning av viktig informasjon, manglante sakshandsaming og meir arbeid.</i> - <i>I følgje forvaltningslova og rundskriv om helsehjelp har kommunen plikt til å nyte tolk når dette er naudsynt for forståing og kommunikasjon med framandspråklege</i> - <i>Barn skal ikkje nyttast som tolk.</i> 	Alle tenestene	Løpende
10.	<p>Rasisme og diskriminering</p> <p>Tiltak</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Tiltak for å forebygge mobbing/rasisme og følge opp dette i konkrete tilfeller(informasjonstiltak, samtalegrupper m.m.)</i> - <i>Bidra til framhald av mannegruppe og kvinnegruppe og motivere for deltaking.</i> - <i>Sikre framhald av tilbodet om språk-kafe på biblioteket</i> - <i>Motivere for og legge til rette for aktiv deltaking i aktivitetar og organisasjonsliv</i> - <i>Motiver for deltaking i laurdagsklubben og evt. andre tiltak i regi av Stryn frivilleg sentral</i> - <i>MOT-prosjektet er eit tiltak mot rus, vald og mobbing m.m.</i> <p>Grunngjeving:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Deltaking på tvers av kulturar og hudfarge førebygger negative haldningar og frykt for det ukjende</i> - <i>Å vere i forkant / vite kva vi skal gjere i tenkte</i> 	Flyktn.tenesta i samarbeid med andre faginstansar og frivilleg sektor MOT-informatørane	Innan

	<p><i>situasjonar knytt til rasisme før vi opplever uønska episodar, vil sikre raskare intervension.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Flyktingar og innvandrarar skal vite kva for oppførsel/ handlingar som kan skape ekstra negative reaksjonar blant folk.</i> - <i>Flyktingar og innvandrarar bør gjerast merksame på at ein heller ikkje kan tolerere rasistiske utsegner frå ei etnisk gruppe mot ei anna.</i> 		
11. Tiltak	<p>Kompetanseutvikling</p> <p><i>-Delta på kurs og konferansar om flyktingrelatert arbeid og forståing</i></p> <p><i>-Rettleiing til tenester som arbeider med flyktingar</i></p> <p><i>-Fagleg og personleg rettleiing</i></p> <p>Grunngjerving:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Det skjer stadig endringar innan fagfeltet</i> - <i>IMDI / UDI , KS , spesialisthelsetenesta, fylkesmannen, Rvts har viktig kunnskap og informasjon å formidle</i> - <i>Treff og samarbeid med andre kommunar er inspirerande og utviklande</i> 	<p>Flyktingtenesta Tilsette i Helse/ sosial, Skule og barnehage</p>	Løpande
	Alt heng i hop...Trivsel – aktivt liv – lettare å lære - lettare å fungere !		

Definisjonar

Innvandrar er ein person som flyttar til eit anna land med sikte på varig opphold.

I statistiske samanhengar i Norge vert gjerne ein innvandrar omtala som ein person som bur fast her i landet – og som har to utanlandske foreldre

Flyktning er den som i fylgje UDI sitt flyktningregister har flyktningstatus – og som har fått opphaldsløyve i Norge. Hovudsakleg vert flyktningar busette via asylmottak eller ved direktebusetting frå flyktingleirar. Direktebusette flyktningar vert kalla overføringsflyktningar

Fri arbeidsmarknad I medhald av EØS - avtalen er det ein fri arbeidsmarknad innafor EØS – området, og EØS borgarar kan busette seg i eit anna EØS land. Føresetnaden er at dei har arbeid i det nye landet . (Dvs. dei står fritt til å busette seg i eit EØS land når dei har arbeid

Asylsøkjarar er menneske frå andre land som søker om vern i Norge gjennom asylinstituttet. Asylsøkjarar vert busette i mottak medan dei ventar på å få søknaden sin handsama. Dersom det vert fatta vedtak om vern vil dei få busetting i ein norsk kommune. Dersom det ikkje vert fatta vedtak om vern vil dei bli sendt ut av landet.

Einslege mindreårige asylsøkjarar EMA er barn under 18 år som kjem til landet utan foreldre eller andre med foreldreansvar.

Einslege mindreårige flyktningar EMF har fått vedtak om vern og skal busettast i ein kommune.

UDI Utlendingsdirektoratet

IMDI Integrerings – og mangfaldsdirektoratet

Introduksjonsprogrammet

Formålet med introduksjonsprogrammet er å lære norsk, samfunnskunnskap og å bli kvalifisert til arbeid eller vidare utdanning. Dvs. styrke mulegheiter for deltaking i yrkes- og samfunnslivet, og bli økonomisk sjølvstendig.

Introduksjonsprogrammet skal være heilårleg og på fulltid.

For kvart kalenderår skal det fastsettast fem veker ferie. Det er kommunen som skal bestemme når feriedagane skal avviklast.

Programtida er frå 08:00 – 15.30, fem dagar pr. veke.

Introduksjonsprogrammet kan vare i ein periode på inntil to år. Eventuelt før dersom deltakaren kjem i ordinært arbeid eller ordinær utdanning. Kommunen har og høve til å stoppe programmet i visse tilfelle jf. § 7. Stogg av introduksjonsordninga.

Programmet er obligatorisk og innhaldet i introduksjonsprogrammet er:

- Norskopplæring
 - Samfunnskunnskap
 - Førebuing for deltaking i yrkeslivet
 - Språkpraksis for deltakarane som er kvalifisert til dette. Her føl ein arbeidstida på arbeidsstaden
 - Informasjonsprogram
 - Fysisk aktivitet
 - Mannsgruppe
 - Kvinnegruppe
-

Vedlegg 1 Rutinar og retningsliner ved busetting av flyktningar

Vedlegg 2 Å bu i norske hus

Vedlegg 3 Integreringstilskot og forbruk i 2016

Vedlegg 4 Satsar for integreringstilskot i 2017